

Forskrift om fiske utanfor vassdrag med anadrome laksefisk og nedsenking av garn i sjøen i Møre og Romsdal

Heimel: Fastsett av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal fylke den X.X.2022 med heimel i lov 15. mai 1992 nr. 47 om laksefisk og innlandsfisk mv. § 40 og § 41, jf. delegeringsvedtak 27. november 1992 nr. 864, og forskrift 20. juni 2003 nr. 737 om ned senking av garnreiskap § 2.

§ 1. Formål

Formålet med forskrifta er å gje anadrome laksefisk naudsynt vern mot risiko for overbeskatning i sjøen i Møre og Romsdal fylke.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld alt fiske etter anadrome laksefisk og saltvassfisk, krepsdyr og blautdyr (heretter saltvassfisk) i område som er oppført i §§ 3, 4, 8 og 9 i Møre og Romsdal fylke.

Denne forskrifta kjem i tillegg til gjeldande reglar i nasjonale fiskekodikrifter (reiskap, fisketid m.m.)

§ 3. Fiske i 100-metersona

100-metersona er strekninga frå grense elv-sjø (elvemunning) og 100 meter ut i sjøen

Utanfor alle vassdrag med årsikker vassføring der det går anadrom laksefisk, gjeld følgjande fiskeregel i 100-metersona:

Alt fiske er forbode. Unnateke er fiske etter anadrome laksefisk og saltvassfisk med stong frå land, når det er opna for fiske etter den aktuelle arten av anadrome laksefisk i vassdraget.

Er det gjeve individuelle kvoter for det aktuelle vassdraget i forskrift gitt med heimel i lakse- og innlandsfisklova, gjeld desse òg for fiske etter anadrom laksefisk i 100-metersona.

§ 4. Munningsfredingssoner utanfor 100-metersona

Ved utløp av vassdrag med bestandar av anadrome laksefisk som er nemnt i vedlegget til denne forskrifta er det fastsett munningsfredingssoner. Grensene går frå ytre grense for 100-metersona og til ei ytre grense i sjøen som er skilta.

§ 5. Fiskeregler i munningsfredingssoner

I munningsfredingssoner er alt fiske forbode, med følgjande unntak:

a) Fiske etter anadrome laksefisk og saltvassfisk med stong frå land når det er opna for fiske etter den aktuelle arten av anadrome laksefisk i vassdraget. Fisketid i felles munningsfredingssoner (utanfor 100-metersona) er som regel styrt av fisketida i den største elva. I tabellvedlegget er elva som styrer fisketida vist i feit skrift.

b) Alt. 1: Fiske med stong og handsnøre frå land, is og båt (inkl. dorging) frå og med 1. oktober til og med 28. februar.

Alt. 2: Fiske med stong og handsnøre frå land, is og båt (inkl. dorging) frå og med 1. oktober til og med 28. februar. Anadrom laksefisk må gjenutsettast.

Unntaket i a) og b) gjeld ikkje for fiske etter sjøaure i fjordområdet Sunndalsfjorden, Tingvollfjorden, Bergsøyfjorden og Batnfjorden innanfor E39 i Møre og Romsdal. Her er sjøaure freda heile året, jf. § 2 i nasjonal forskrift.

c) Fiske etter saltvassfisk med teiner frå og med 1. oktober til og med 28. februar, når heile fangstdelen til ein kvar tid står minst 5 meter under havoverflata.

§ 6. Særskilte reguleringer

Dragssundet, Ålesund

I perioden frå og med 1. mars til og med 30. september er det forbode å fiske med stang frå land og båt i Dragsundet innanfor grenselinene 1) vest for Dragsundet frå Lauvikneset til nordsida av Solnørsvika og 2) nord for Dragsundet ved Åtlhøgda.

Holmsundet, Hustadvika

I perioden frå og med 1. mars til og med 30. september er det forbode å fiske med stang frå bruene i Holmsundet og langs heile vegfyllinga frå bru til land på begge sider.

§ 7. Stopp i fisket

Statsforvaltaren kan stoppe fiske i munningsfredingssoner med augeblikkeleg verknad om det er naudsyn av omsyn til å sikre stammar av anadrom laksefisk mot risiko for overbeskatning.

§ 8. Nedsenking av garn utanfor fredingssonene

I perioden frå og med 1. mars til og med 30. september skal alle garn, uansett maskevidde, senkast slik at heile fangstdelen står minst 3 meter under havoverflata til ei kvar tid.

Påbodet gjeld ikkje for reiskap som under utøving av yrkesfiske er sett ut for å fange anna enn laksefisk, av fiskar som er oppført i fiskarmannatalet og frå fartøy som er registrerte i merkeregisteret for norske fartøy, jf. lov 26. mars 1999 nr. 15 om retten til å delta i fiske og fangst (deltakarlova).

§ 9. Fiskeforbod utanfor kraftverksutløp

Utanfor følgjande kraftverk er alt fiske etter anadrome laksefisk og saltvassfisk forbode i området som strekkjer seg 100 meter frå kraftverksutløpet og ut i sjøen:

| Kommune | Namn på kraftverk | Lengde |
|---------------|---------------------------|--------|
| Fjord kommune | Tafjord kraftstasjon (K4) | 100 m |
| Volda kommune | Åmela kraftstasjon | 100 m |
| Ørsta kommune | Tussa kraftstasjon | 100 m |

§ 10. Dispensasjon

Statsforvaltaren kan, etter søknad, gjere unntak frå [§§ 3, 5, 6, 8 og 9] i enkelttilfelle dersom særskilte tilhøve tilseier det, og dette vert vurdert å ikkje ha nemneverdig negativ påverknad på bestandar av laks og sjøaure.

§ 11. Handheving og sanksjonar

Brot på denne forskrifta handhevast og sanksjonerast etter lov av 15. mai 1992 nr. 47 om laksefisk og innlandsfisk m.v. § § 47, 47 a, 48 a og 49.

§ 12. Ikrafttreden

Forskrifta trer i kraft X.X.2022. Frå same tid blir forskrift 31.05.1994 nr. 619 om fiske etter anadrome laksefisk, fredning ved utløp av vassdrag, i sund og straumar, Møre og Romsdal, forskrift 31.03.1996 nr. 417 om freda sone ved utløp frå kraftstasjon til sjø i Møre og Romsdal, forskrift 08.05.2017 nr. 555 om nedsenking av garnreiskap, Møre og Romsdal, og forskrift 04.06.2009 nr. 931 om freda sone ved Dragsundet og Holmsundet, Skodje og Eide kommunar, Møre og Romsdal, oppheva.

Vedlegg:

Munningsfredingssoner utanfor vassdrag med bestandar av anadrome laksefisk i Møre og Romsdal fylke

| Kommune | Vassdrag | Soneforklaring | Koordinatfesta yttergrense (EUREF89 sone 32) | Lengde (ca. meter) |
|---------|--|--|--|--------------------|
| Aure | Todalselva | I eit sjøområde utanfor Todalselva, innanfor ei rett linje trekt frå Spjøtneset ved Spjøtnesbekken i vest (A) til Geitatåa i aust (B). | A: 484375 7007046 B: 482965 7007022 | 1500 |
| Aure | Gjelelva | I eit sjøområde utanfor Gjelelva, innanfor ei rett linje trekt frå nes på Gjela i sørvest (A) til Gjelaneset i nordaust (B). | A: 487096 7023028 B: 488248 7023737 | 400 |
| Aure | Svartvasselva og Åsgårdelva (Årvågfjorden) | I eit sjøområde utanfor Svartvasselva og Åsgårdelva, innanfor ei rett linje trekt frå nes aust for Nerbakken i sørvest (A) til nes ved Haugen i nordaust (B) | A: 491213 7024022 B: 491664 7024603 | 650 |
| Averøy | Baelva og Bådalselva | I eit sjøområde utanfor Baelva og Bådalselva, innanfor ei rett linje trekt frå det nordlegaste punktet på Omfarøya i søraust (A) til Skallnes i nordvest (B). | A: 428351 6988536 B: 427830 6988851 | 1400 |
| Fjord | Dyrkornelva | I eit sjøområde utanfor Dyrkorn, innanfor ei rett linje trekt frå Fåmen (A) i søraust til Smineset i nordvest (B). | A: 393853 6922312 B: 393767 6922987 | 250 |
| Fjord | Eidsdalselva og Norddalselva | I eit sjøområde utanfor Eidsdalselva og Norddalselva, innanfor ei rett linje trekt frå Svora (750 m frå Eidsdal fergekai) i vest (A) til Oterhola (1 km fra utløpet av Norddalselva) i aust (B). | A: 404526 6905322 B: 408458 6904882 | 1000 |
| Fjord | Stordalselva | I eit sjøområde utanfor Stordalselva, innanfor ei rett linje trekt frå utløpet av Stølegrova i sør (A) til nes ved Hovstranda (nedanfor Nespllassen) i nord (B). | A: 394789 6917545 B: 394994 6918548 | 750 |

| | | | | |
|------------|-----------------------|--|--|------|
| Fjord | Tafjordelva | I eit sjøområde utanfor Tafjordelva, innanfor ei rett linje trekt frå Seineset i sørvest (A) til tunnellinnslag vest for Muldalselva i nordaust (B) | A: 416979 6903152 B: 418307 6903391 | 2000 |
| Fjord | Valldøla | I eit sjøområde utanfor Valldøla (Valldalselva) innanfor ei rett linje trekt frå Meneset i vest (A) til Honeset i aust (B). | A: 408640 6908122 B: 410833 6907731 | 500 |
| Gjemnes | Angvikselva | I eit sjøområde utanfor Angvikselva, innanfor ei rett linje trekt frå Knivskjerneset i søraust (A) til nes 500 m nord for utløpet av Angvikselva, i nordvest (B). | A: 454707 6973453 B: 453963 6974098 | 600 |
| Gjemnes | Batnfjordselva | I eit sjøområde utanfor Batnfjordselva, innanfor ei rett linje trekt frå Tørriset i søraust (A) til utløpet av Raudelva i nordvest (B). | A: 434401 6975878 B: 433757 6976420 | 1900 |
| Gjemmes | Torvikselva | I eit sjøområde utanfor Torvikselva, innanfor ei rett linje trekt frå Torvikneset i vest (A) til eit lite nes 400 m nordvest for Hamnneset, i aust (B). | A: 441577 6980587 B: 442488 6980634 | 650 |
| Hareid | Hareidsvassdraget | I eit sjøområde utanfor Hareidselva, innanfor ei rett linje trekt frå Åreneset ved Plassane i søraust (A) til sydenden av kaia på Korsneset i nordvest (B). | A: 347645 6918270 B: 346716 6919817 | 500 |
| Hustadvika | Dalaelva (Daleelva) | I eit sjøområde utanfor Dalaelva, innanfor ei rett linje trekt frå nothus vest for Vorpeneset i sør (A) til småbåthavn mellom Røyavollen og Naustvollen i nord. | A: 406437 6969638 B: 406270 6970150 | 750 |
| Hustadvika | Farstadelva | I eit sjøområde utanfor Farstadelva, innanfor ei rett linje trekt frå Lakseberga, aust for Kanvika, i sør (A) til nes nedanfor Breiviknausta, vest for Breivikbukta, i nord (B). | A: 405955 6985219 B: 406210 6985976 | 600 |
| Hustadvika | Gulelva | I eit sjøområde utanfor Gulelva, innanfor ei rett linje trekt frå Seterneset i søraust (A) til ytterst på Buhaugen i nordvest (B) (punktet er rett innanfor Purkflea). | A: 396127 6975807 B: 395875 6975970 | 800 |
| Hustadvika | Hustadelva og Sagelva | I eit sjøområde utanfor Hustadelva og Sagelva, innanfor ei rett linje trekt frå Malehammeren i sørvest (A) til Flønestangen i nordaust (B) | A: 402295 6983563 B: 402937 6983803 | 1800 |
| Hustadvika | Malmeelva og Holselva | I eit sjøområde utanfor Malmeelva og Holselva, innanfor ei rett linje trekt frå nes vest for Øyran stadion (A) i sør til småbåthavn vest for Blokkehaugen i nord (B) | A: 406421 6965342 B: 408310 6966058 | 2200 |

| | | | | |
|------------|---|--|---|-------------|
| Hustadvika | Moaelva/ Sylteelva | I eit sjøområde utanfor Moaelva, innanfor ei rett linje trekt frå nes vest for Storvika i sør (A) til Nygardsneset i nord (B) | A: 407341 6967380 B: 407388 6968602 | 600 |
| Hustadvika | Rugelva (Rugga) | I eit sjøområde utanfor Rugelva, innanfor ei rett linje trekt frå eit punkt 250 m nordaust for Haugbakkhølet i sørvest (A) og rett nordaust til Haugneset. (Linja tangerer Nordre Hauholmen i aust) (B). | A: 399376 6982121 B: 400116 6983124 | 1000 |
| Hustadvika | Sandblåstelva | I eit sjøområde utanfor Sandblåstelva, innanfor ei rett linje trekt frå Nerstølneset (A) i sør til kai på Vevang i nord (B) | A: 414207 6986879 B: 414219 6987388 | 1000 |
| Hustadvika | Stavikelva | I eit sjøområde utanfor Stavikelva, innanfor ei rett linje trekt frå Storvikneset i søraust (A) til Tjeldnesberga i nordvest (B). | A: 397805 6972510 B: 396990 6973139 | 650 |
| Hustadvika | Torneselva | I eit sjøområde utanfor Torneselva, innanfor ei rett linje trekt frå Nesodden i søraust (A) til Tornes i nordvest (B). | A: 399937 6968905 B: 399503 6969169 | 350 |
| Hustadvika | Vasselva (Aureosen) | I eit sjøområde utanfor Vasselva, innanfor ei rett linje trekt frå Strandgrova i søraust (A) til Aurekleiva i nordvest (B). | A: 403780 6966353 B: 403197 6966734 | 300 |
| Hustadvika | Vågsbøelva og Vassgårdelva | I eit sjøområde utanfor Vågsbøelva, innanfor ei rett linje trekt frå Lianeset i søraust (A) til Eide kai i nordvest (B). | A: 422972 6976108 B: 421490 6976470 | 2000 |
| Molde | Eidsvågelva | I eit sjøområde utanfor Eidsvågelva, innanfor ei rett linje trekt frå Tjærabrenneriet i Breivika i sør (A) til Ålberget i nord (B). | A: 451177 6959588 B: 450728 6960564 | 1800 |
| Molde | Eira | I eit sjøområde utanfor Eira, innanfor ei rett linje trekt frå utløpet til Lille Hundneset i vest (A) til Strandaelva i aust (B). | A: 454974 6952110 B: 456191 6952307 | 1400 |
| Molde | Kyrkjeelva | I eit sjøområde utanfor Kyrkjeelva, innanfor ei rett linje trekt frå Krabbevikneset i sør (A) til Hamnaneset i nord (B). | A: 381301 6953955 B: 381937 6954394 | 750 |
| Molde | Oselva, Sotåa og Oltelvelva (Istadelva) | I eit sjøområde utanfor Oselva, Sotåa og Oltelvelva, innanfor ei rett linje trekt frå nes ved Ullaland (200 m frå Langneset) i sør (A), over Holmen, spissen av Nesa til Haugneset (B) til vestspissen av Kleivneset i nord (C). | A: 431133 6961508 B: 431367 6962294 C: 431292 6962979 | 3000 |
| Molde | Visa | I eit sjøområde utanfor Visa, innanfor ei rett linje frå Lianeset i vest (A) til Neset i aust B). | A: 444398 6956142 B: 445363 6956809 | 1300 |

| | | | | |
|-------|----------------------------|--|--|-------------|
| Rauma | Innfjordelva | I eit sjøområde utanfor Innfjordelva, innanfor ei rett linje trekt frå Stokkneset i vest (A) til Bakken (nedanfor Grisetbakken) i aust (B). | A: 424808 6931523 B: 426207 6931576 | 1300 |
| Rauma | Isa/Glutra og Breivikelva | I eit sjøområde utanfor Isa/Glutra, innanfor ei rett linje trekt frå kai ved tankanlegg sør aust (A) til Rabben, ytre Breivik i nordvest (B). | A: 436213 6938155 B: 434876 6939918 | 1800 |
| Rauma | Mittelvela | I eit sjøområde utanfor Mittelvela, innanfor ei rett linje trekt frå punkt nedanfor Strandsteigen 400 m fra utløpet av Ljøsåa i sørvest (A) til Sjølaupet (nedanfor skarp sving på veien) i nordaust (B). | A: 431891 6952584 B: 433984 6953732 | 250 |
| Rauma | Måna | I eit sjøområde utanfor Måna, innanfor ei rett linje fra Sæbøneset i vest (A) til Oterholmneset i aust (B). | A: 419585 6936260 B: 421651 6935894 | 1300 |
| Rauma | Rauma | I eit sjøområde utanfor Rauma, innanfor ei rett linje trekt frå Stamnesodden i sør aust (A) til Hegerholneshammaren ved Rønning i nordvest (B), og frå ei rett linje frå tunnellinnslag ved Skafonna i sør aust (C), til Bjørgeneset i nordvest (D). | A: 432510 6938308 B: 431014 6938721 C: 430384 6935886 D: 428132 6937732 | 2000 |
| Sande | Vågselva og Myklebustelva | I eit sjøområde utanfor Vågselva og Myklebustelva innanfor ei rett linje mellom nes ved Knotten i sør (A) til nes ved Leirvik i nord (B). | A: 324693 6903428 B: 324329 6904114 | 1500 |
| Smøla | Aurebekken (Indre Roksvåg) | I eit sjøområde utanfor Aurebekken, innanfor ei rett linje trekt frå nordvestlegaste punkt på nes på austsida av vågen i sør aust (A) til austlegaste punkt på nes aust for Kalddalshaugen i nordvest (B) | A: 458432 7030417 B: 458376 7030572 | 700 |
| Smøla | Fuglvågvassdraget | I eit sjøområde utanfor Fuglvågvassdraget, innanfor ei rett linje trekt over sundet mellom Klakkvågen og Fuglvågen. | A: 445671 7027606 B: 445648 7027635 | 1300 |
| Smøla | Hinnåa | I eit sjøområde utanfor Hinnåa, innanfor ei rett linje trekt frå austlegaste punktet på Jøstøya i sørvest (A) til eit punkt på land ved Nausthaugberga. Linja skal tangere sør austlegaste punktet på Sørøya (B). | A: 447168 7025142 B: 447621 7025365 | 750 |
| Smøla | Hjellbergvågen | I eit sjøområde utanfor Hjellbergelva, innanfor ei rett linje trekt frå sydlegaste punkt på halvøya sør for Hjellberget i vest til sørvestligaste punkt på nes nord for Åbrotholmen i aust (B). | A: 441424 7027240 B: 441524 7027218 | 450 |

| | | | | |
|----------|---------------------------------|---|---|------|
| Smøla | Hopenvassdraget | I eit sjøområde utanfor Hopenvassdraget, innanfor ei rett linje trekt frå nordaustlegaste punkt på Hopen i vest (A) til Hopen fyr på nordspissen av Hopaøya i aust (B), og mellom Hopen fyr og søraust til nordlegaste punkt på nes i land (C). | A: 451158 7037922 B: 451721 7037775 C: 452134 7037381 | 700 |
| Smøla | Kvernavassdraget | I eit sjøområde utanfor Kvernavassdraget, innanfor ei rett linje trekt frå austlegaste neset på Storholmen i vest (A) og i austleg retning over vågen på den smalaste staden (B). | A: 445177 7033843 B: 445333 7033862 | 400 |
| Stranda | Langedalselva og Korsbrekkeelva | I eit sjøområde utanfor Langedalselva og Korsbrekkeelva, innanfor ei rett linje trekt frå Åsneset i søraust (A) til punkt ved sjøen (500 m utanfor veikryss) i nordvest (B). | A: 389357 6885769 B: 389010 6886307 | 950 |
| Stranda | Strandaelva | I eit sjøområde utanfor Strandaelva, innanfor ei rett linje trekt frå Oshammaren i søraust (A) til Stabburet fabrikk i nordvest (B). | A: 393936 6910072 B: 393616 6910594 | 250 |
| Sunndal | Usma | I eit sjøområde utanfor Usma, innanfor ei rett linje trekt frå eit punkt på Grytneset, 150 m sør for utløpet av Grytbekken, i sørvest (A) til Bøneset i nordaust (B). | A: 470143 6955625 B: 471120 6955830 | 1200 |
| Sunndal | Litledalselva og Driva | I eit sjøområde utanfor Litledalselva og Driva, innanfor ei linje trekt frå utløpet av Innvikbekken i sørvest (A) til utløpet av Sandvikselva i nordaust (B). | A: 474674 6952141 B: 477341 6952913 | 2500 |
| Surnadal | Bævra | I eit sjøområde utanfor Bævra, innanfor ei rett linje trekt frå utløpet av Hamnesbekken i søraust (A) til Bratthammerbukta i nordvest (B). | A: 476984 6986472 B: 476599 6987030 | 2800 |
| Surnadal | Surna | I eit sjøområde utanfor Surna, innanfor ei rett linje trekt frå Karlvikbukta i sør (A) til Glarem kalksteingruve i nord (B). | A: 479701 6981766 B: 480038 6984595 | 1900 |
| Surnadal | Søya | I eit sjøområde utanfor Søya, innanfor ei rett linje trekt frå Mulneset, nedanfor Mulneshammaren, i søraust (A) til eit punkt på Kvennaneset, 350 m frå ferjekai, i nordvest (B). | A: 476376 6972650 B: 475836 6973157 | 600 |
| Surnadal | Toåa | I eit sjøområde utanfor Toåa, innanfor ei rett linje trekt frå ytterste spissen på Hyllneset i sørvest (A), forbi vestre side av Ansnesholmen og til utløpet av bekken frå Drivvatn i nordaust (B). | A: 483281 6966258 B: 484184 6966935 | 1600 |

| | | | | |
|----------|---|--|---|-------------|
| Sykylven | Aureelva, Ikorneselva, Vikeelva og Velledalselva (Fetvassdraget) | I eit sjøområde utanfor Ikorneselva, Aureelva, Vikelva og Velledalselva (Fetvassdraget), innanfor ei rett linje trekt frå Ikornes (A) til Aursnes (B). | A: 373154 6920407 B: 373143 6922036 | 8000 |
| Sykylven | Ramstaddalselva | I eit sjøområde utanfor Ramstaddalselva, innanfor ei rett linje trekt frå nordlegaste punktet på Håneset i vest (A) til Hesthammaren i aust (B). | A: 384743 6924453 B: 386626 6924651 | 500 |
| Tingvoll | Ulsetelva og Straumsneselva (elver til Nervågen, Kanestraum) | I eit sjøområde utanfor elver til Nervågen, innanfor ei rett linje trekt frå Jensneset i søraust (A) til nes 300 m nordaust for utløpet av Nervågen, i nordvest (B). | A: 455961 6990977 B: 455744 6991386 | 500 |
| Tingvoll | Storelva, Meisingset | I eit sjøområde utanfor Storelva, innanfor ei rett linje trekt frå Lundaneset i søraust (A) til Strand i nordvest (B). | A: 466521 6972181 B: 465433 6972542 | 3000 |
| Tingvoll | Vågelva | I eit sjøområde utanfor Vågelva, innanfor ei rett linje trekt frå Svinneset i søraust (A) til nes 150 m fra Galten og mellom Galten og Nordåsbukta, i nordvest (B). | A: 463323 6983990 B: 462305 6984597 | 1600 |
| Ulstein | Haddalselva | I eit sjøområde utanfor Haddalselva innanfor to rette liner til den austlege odden av Hestholmen (A), den eine frå eit punkt ved utløpet av Klungdalselva i sør (B) og den andre frå eit punkt i strandkanten ved Haddalsura i nord (C). | A: 336442 6909181 B: 337621 6908833 C: 337082 6910227 | 1000 |
| Vanylven | Åheimselva | I eit sjøområde utanfor Åheimselva, innanfor ei rett linje trekt frå Tuskjeret i sørvest (A) til molo 550m nordvest av Klungveholmen i nordaust (B) | A: 317664 6883259 B: 317674 6883541 | 500 |
| Vanylven | Oselva (Svude) og Norddalselva | I eit sjøområde utanfor Oselva og Norddalselva, innanfor ei rett linje trekt frå utløp av Strandaelva i sørvest (A) til punkt ved Eikrem, 500 m utanfor utløpsos til Norddalselva i nordaust (B). | A: 328647 6888746 B: 329838 6889718 | 900 |
| Vestnes | Tomrefjordelva | I eit sjøområde utanfor Tomrefjordelva, innanfor ei rett linje trekt frå Langneset i vest til utløpet av Løvollselsva i aust (B). | A: 393108 6941419 B: 393789 6941420 | 1700 |
| Vestnes | Tressa | I eit sjøområde utanfor Tressa, innanfor ei rett linje trekt frå Løvikneset i sørvest (A) til Hoemsneset i nordaust (B). | A: 403895 6935886 B: 404586 6936280 | 2200 |
| Vestnes | Viåa | I eit sjøområde utanfor Viåa, innanfor ei rett linje trekt frå ytste spissen av Kjeldsneset i søraust (A) til utløpet av Neråsgrova i nordvest (B). | A: 393969 6945426 B: 392983 6946513 | 500 |

| | | | | |
|-------|--|---|---|-------------|
| Volda | Austefjordelva | I eit sjøområde utanfor Austefjordelva, innanfor ei rett linje trekt frå Kjeneset søraust for Leirvika i vest (A) til Trosvikneset i aust (B). | A: 358975 6884913 B: 359769 6884768 | 1600 |
| Volda | Bjørkeelva (Vikelva) og Tusseelva | I eit sjøområde utanfor Bjørkeelva og Tusseelva, innanfor ei rett linje merka ved nordlegaste høgspentlinje over fjorden mellom Finnes i vest til Urdaneset i aust (B). | A: 371744 6888968 B: 372504 6888952 | 800 |
| Volda | Kilselva/Kilspollen | I eit sjøområde utanfor Kilselva, innanfor ei rett linje trekt frå utløpet av Støylselva i vest (A) til Fugleneset i aust (B). | A: 346818 6885093 B: 346873 6885060 | 2600 |
| Volda | Steinsvikselva og Åmela | I eit sjøområde utanfor Steinsvikselva og Åmela, innanfor ei rett linje trekt frå Brandeneset i søraust (A) til Hatleneset i nordvest (B). | A: 335828 6879739 B: 334998 6880095 | 1200 |
| Volda | Øyraelva | I eit sjøområde utanfor Øyraelva, innanfor ei rett linje trekt frå sydvestligaste punkt på Andaneset i søraust (A) til sydvestre hjørne av Volda fergekai i nordvest (B). | A: 347470 6892307 B: 346902 6893738 | 300 |
| Ørsta | Barstadvikelva | I eit sjøområde utanfor Barstadvikelva, innafor ei rett linje frå Lyngeneset i sørvest (A) til eit punkt 500m nord for utløpet av Barstadvikelva (B), og vidare ei rett linje til nes ved Trollesvora vest for Romestranda (C) | A: 357533 6917287 B: 358939 6918015 C: 359932 6917994 | 500 |
| Ørsta | Bondalselva | I eit sjøområde utanfor Bondalselva, innanfor ei rett linje trekt frå Hustadneset i søraust (A) til Sæboneset i nordvest (B). | A: 369879 6899750 B: 369611 6900966 | 1000 |
| Ørsta | Norangdalselva (Storelva) | I eit sjøområde utanfor Norangdalselva, innanfor ei rett linje trekt frå Helganeset på sørsida av fjorden (A) til ein høgspentmast med fire stolpar sør for Skogsteinen på Åreneset på nordsida av fjorden (B). | A: 377323 6898054 B: 377811 6898220 C: 359932 6917994 | 350 |
| Ørsta | Nordre Vartdalselva | I eit sjøområde utanfor Nordre Vartdalselva, innanfor ei rett linje trekt frå Hammaren i søraust (A) til eit punkt 500 meter nord for utløpet av elva (B) og vidare ei rett linje til nes ved Bordstolane i nordaust (C) | A: 351480 6913395 B: 351998 6914256 C: 352925 6914255 | 500 |
| Ørsta | Storelva, Vartdal | I eit sjøområde utanfor Storelva, Vartdal, innanfor ei rett linje trekt frå Trollskjeret i sørvest (A) til eit punkt 600m nord for utløpet av Storelva (B), og vidare ei rett linje til nes ved Littleberget nordaust for småbåthamn (C). | A: 347696 6910546 B: 348636 6911804 C: 349596 6912128 | 600 |

| | | | | |
|---------|----------------|--|--|------|
| Ørsta | Ørstaelva | I eit sjøområde utanfor Ørstaelva, innanfor ei rett linje trekt frå austre hjørne i kaien til Møre Trikotasjefabrikk A/S i sør (A) til trigometrisk punkt på Sesslaberget, ca. 2,1 km frå elveosen i nord (B). | A: 348150 6898810 B: 348204 69005619 | 2000 |
| Ålesund | Hildreelva | I eit sjøområde utanfor Hildreelva, innanfor ei rett linje trekt frå eit naust tilhørande Einar Hildre, ca. 285 m nordvest for munningen av Hildreelva (A) til stake i sjøen på Skanseflua, ca. 400 m nordaust for munningen av Hildreelva (B), og ei rett linje frå foran nevnte stake på Skanseflua og til naust tilhørande Ernst Hansen, ca. 620 meter sydaust for munningen av Hildreelva (C). | A: 363598 6945139 B: 364401 6945372 C: 364313 6944737 | 700 |
| Ålesund | Reiteelva | I eit sjøområde utanfor Reiteelva, innanfor ei rett linje trekt frå Svinvika i søraust (A), til punkt i nordvest 850 m frå utløp av Reiteelva (B). | A: 359942 6937034 B: 359701 6937942 | 700 |
| Ålesund | Solnørelva | I eit sjøområde utanfor Solnørelva, innanfor ei rett linje trekt frå Ryttingsnes i søraust til industrikkai ved Håheim i nordvest (sørvestlig hjørne av kai). Vidare innanfor ei rett linje trekt frå Smeltevikneset i sørvest (C) til Skodje kai i nordaust (D). | A: 381677 6930060 B: 381132 6930241 C: 380910 6931206 D: 381283 6931994 | 1500 |
| Ålesund | Spjelkavikelva | I eit sjøområde utanfor Spjelkavikelva, innanfor ei rett linje trekt frå Digernes i søraust (A) til nes ved Furumyr, 700 m frå utløpet av Spjelkavikelva i nordvest (B). | A: 362869 6927418 B: 362479 6928260 | 900 |
| Ålesund | Sunnalandselva | I eit sjøområde utanfor Sunnalandsdalselva, innanfor ei rett linje trekt frå Kjeholmen i sør (A) til fyrlykt på Boltholmen i nord (B), til Harhaugeneset i nordvest (C). | A: 369083 6944641 B: 369135 6944808 C: 368692 6945201 | 650 |
| Ålesund | Tennfjordelva | I eit sjøområde utanfor Tennfjordelva, innanfor ei rett linje trekt frå nes mellom Lønesbukta og Bergsenden i sørvest, 1 km fra utløpet av Tennfjordelva (A), til ytste punktet på Nordnes i nordaust (B). | A: 374891 6935411 B: 375126 6936246 | 700 |
| Ålesund | Vagsvikselva | I eit sjøområde utanfor Vagsvikselva, innanfor ei rett linje trekt frå Visetneset i søraust til Kleivaneset i nordvest | A: 390898 6926008 B: 390703 6926326 | 300 |
| Ålesund | Vatneelva | I eit sjøområde utanfor Vatneelva, innanfor ei rett linje trekt frå utløp av bekk nedanfor Boltura og | A: 376766 6939771 B: 377267 6939803 | 1300 |

| | | | | |
|---------|------------|--|--|------------|
| | | Storfonna i vest (A) til Angelsneset i aust (B). | | |
| Ålesund | Ørskogelva | I eit sjøområde utanfor Ørskogelva, innanfor ei rett linje trekt frå Veaberget i sør aust (A), over vestenden av Storskjeret til vestenden av fabrikken til Stavseng & co. i nordvest (B). | A: 386850 6928602 B: 385821 6929615 | 900 |